

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 8. februar 2017

Møtte:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Kari Haugland (engelsk), Margery Vibe Skagen (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Margje Post (russisk), Jon Askeland (spansk), Åsta Haukås (tysk) og Åse Johnsen (instituttleiar).

Frå gruppe B: ingen

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Aleksander Tenvik Bergli, Lars Ask og Birgitte Vågnes Bakken.

Arve Kjell Uthaug stilte som referent utan røysterett. Lene M. Johannessen og Synnøve Ones Rosales var til stades utan røysterett.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Representantane for tysk hadde falle ut av innkallinga ved ein feil, og administrasjonssjefen sa seg lei for dette.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 16. november 2016

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a) Tre faste stillingar er under utlysing ved IF, alle med søknadsfrist 1. mars: latinamerikansk historie, spansk fagdidaktikk og fransk litteraturvitskap.

Sak 4 – orientering om økonomien ved instituttet

Uthaug orienterte kort om driftsrekneskapen for 2016 og budsjettet for 2017. Resultatet frå dei øyremerkte prosjekta under driftsbudsjettet er enno ikkje klart, og saka om rekneskap og budsjett vil bli lagt fram på eit ekstraordinært rådsmøte når vi har fått dette resultatet. Det som likevel er klart av tala vi har fått frå fakultetet så langt, er at driftsresultatet ser ut til å bli klart betre enn det instituttleiinga rekna med ved starten av 2016. Samstundes er løyvingane i 2017 svært knappe, driftsbudsjettet må derfor bli stramt, og utgiftene til vikarar og liknande må haldast nede. Det vart opplyst på møtet at kvar einskild vitskapleg tilsett vil få 3000 kroner i drifts-/bokmidlar til rådvelde i 2017, og det vert tildelt gjesteforelesarmidlar i løpet av nokre få dagar (til saman 25 000 kroner).

Sak 5 – HF-2018

To ulike brevkast basert på innspel frå fagmiljøa låg til grunn for drøftinga i møtet. Det eine vart sendt ut saman med innkallinga. Det andre vart delt ut i sjølve rådsmøtet.

Veland reagerte på at brevkasta framstilte det som noko positivt at dei mindre språkfaga innanfor det nye store programmet må skifta ut språkspesifikke emne med fellesemne. Haukås og Post var samde i kritikken frå Veland. Skagen meinte valet for småfaga sto mellom anten å tilpassa seg eller bli lagt ned på sikt, og ho viste til UiB-budsjettet der fakultetet har fått ekstra midlar knytt til HF-2018. Post viste til at det kunne vera uheldig for dei fire små faga dersom dei to store (spansk og engelsk) trekkjer seg ut av programmet.

Vedtak (samrøystes): Rådet bed fakultetet utsetja søknadsprosessen for oppretting av dei nye bachelorprogramma ved instituttet med eitt år. Instituttleiar får fullmakt til å revidera brevet som vart lagt fram i rådsmøtet, og senda dette til fakultetet.

Sak 6 – ymse

Ingen saker.

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef